

**Utgjeve av Jølster Mållag**

**- Jubileumshefte -**

**1993 – 10. ÅRG.**



# Vinter-solsnu

No gøymer sola seg bak Hallgjerdskaret,  
månen sym åver austahimmel ved nattetider,  
lagar trolske skuggar i gard og gren.  
Då alle ljós vert kveikte  
og solsnu kjem i same venda.  
Vona veks når myrkre kverv  
og solljose sigrar på alle leider.

*Helga Fluge  
Teikning: Kari Fluge*

# Jølster mållag

Styret 1993

Ingrid Søyland, leiar

Kåre Lien, nestleiar

Anny Flatjord, kasserar

Jarle Helgheim, skrivar

Steinar Dvergsdal, styremedlem

Ann Elena Vie Stadheim, varamedlem

Du er hjarteg velkommen til å bli medlem i mållaget!  
Adressa er:

Jølster Mållag

Anny Flatjord

6852 KLAKEGG

Bankgiro 3703.20.14470

Medlemskontingent for 1994 er 190 kroner.  
Familiemedlemer 130 kroner.

## Innhald:

Side

Tynningen – ein gamal ferdsselsveg	4
Vegen	7
Då Heggheim tok ut	8
Frå målreisingssoga i Jølster	10
Gullgravar i Australia	12
Bort frå Jølster	14
Astrid Myklebust	18
Eit krafttak for Jølster	20
Eldst i Jølster	23
Mitt år i Frankrike	24
Barneside	27
Elevdikt	28-30

# Bladet Jølst 10 år

Vi tykkjer det er all grunn til å markere at bladet Jølst har kome ut 10 år på rad. Det gjer vi på den måten at vi aukar både sidetal og opplag. Slik håpar vi å nå enno fleire lesarar – ved å tilby stoff med større breiddde, attåt at vi unngår å gå tome for blad, slik vi gjorde i fjor.

Ved eit 10 årsjubileum er det på sin plass å minnast litt. Den som kom med forslaget til å gje ut eit blad, var Laila Hov Sandnes. Ho sat då i styret i Jølster Mållag, og kjende til liknande bladtaktiltak frå Sogn. No står Jølst på stadiig tryggare grunn, og vi sender ein varm takk til Laila for idéen, og elles for arbeidet ho har hatt med barnesida i dei fleste utgåvene av bladet.

Elles har vi fått Astrid Myklebust til å ta seg av den kunstnarlege utsmykkinga av bladet, i år som for 10 år sidan. Ho fortener også stor takk for å ha gjeve Jølst eit andlet, ei framside med attkjenningseffekt frå år til år.

Styret seier då Gjer so vel – les bladet, og vi hper de alle finn noko å gje dykk over og hygge dykk med. Takk for god oppslutnad om bladet gjennom 10 år. Med gode medhjelparar trur vi Jølst er liv laga dei neste ti åra og! Vi tek gjerne mot stoff frå dykk!

*Styret i Jølster Mållag  
v/Ingrid Søyland*

## Bokdagen


Den årlege bokdagen i mållaget vart halden på Skei 23. oktober. Ottar Grepstad er assisterande forlagssjef i Det Norske Samlaget. Han kombinerte ei vitjing i heimbygda i Stardalen med å vere kåsør på bokdagen, der han fortalte om den nynorske bokhausten. Det var mykje interessant i bokvegen, og vonaleg fekk Bjarne Huus frå Huus Libris merke kjøpelysta etterpå, der han stilte opp med eit svært variert utval av nynorske bøker.

Juniorar på fele og trekkspel på Fjellklang Spele-mannslag underheldt med fin musikk, og vi fekk innslag frå Lincerla 4H.

Astrid Myklebust fekk mållaget sin Målrosdiplom for det kunstnarlege arbeidet ho har hatt med bladet Jølst.

Mållaget sine bokdagar er uformelle, avslappa og trivelege. Vi ser gjerne fleire bygdefolk på desse samkomene ein gong i året.

I.S.



Tynningen – sett frå Hjellbrekkestøylene.

Foto: K. L.

# TYNNINGEN

## – ein gamal ferdelsveg

Av: Kåre Lien

### Ferdsel frå gamal tid

Over Tynningen har det vore ferdsel frå gamal tid. Tynningen er fjellskaret mellom Angedalen og Vassenden, med Dalefjellet på den eine sida og Hjellbrekkeheia på den andre. Nærare bestemt ligg Tynningen mellom Hjellbrekka på Vassenden og Grimeland i Angedalen.

Ein reknar med at vegen var i bruk før år 1000, og var viktig gjennom heile mellomalderen. Audun Hugleikson brukte vegen på reisene til og frå Jølster, og folk tok seg fram over Tynningen heilt til postvegen kom gjennom ytre Jølster, og det kom bru ved Farsund i Førde. Denne bruva ved Movatnet, som vart bygd om lag 1830, gjorde at folk heller tok i bruk «Den Trondhjæmske Postvei» på reisene gjennom Førde og Jølster.

Ferdelsen over Tynningen stoppa såleis opp, sjølv

om fjellovergangen var i bruk seinare. I ein periode på 1800-talet var folk plaga av landevegsrøvarar ved Moskog. Då var det betre å slite litt i bakkane opp til Tynningen, enn å risikere å verte plyndra ved Moskog.

### Handel i Førde og Bergen

Handel med andre bygder, og ferdsel til og frå, har alltid gått der det er greiast. Folk frå nedre del av Jølster handla i Sjøhola i Førde, og rei eller gjekk til fots over Tynningen. Albert Joleik skriv i «Soga um Jølst» at jølstringar som rei til Førde, sette att øykene på Hestbakken, der Solvang Folkehøgskule ligg no.

Nokre historiske kjelder fortel direkte om denne ferdelsen. 4. april i 1682 døydde Per Olavson Ørbø på heimferd frå Bergen. Han vart sendt til Førde, og lensmann Jens Nerbø sende folk og øyker ned, og

køyrd «Hannem til Jylster Offuer Tynningen», og fekk han gravlagd. «Gud glæde Hans siæll», skreiv Jens.

### Stadnamna fortel

Ei rekkje stadnamn på denne vegen fortel om bruken. Ferdselsvegen gjekk gjennom Joseftunet på Grimeland der det var skyss-stasjon. På 1600-talet kunne ein skaffe seg hesteskyss der.

Jølstragrinda i Joseftunet skilde heimebøen og utmarka. Før ein kom til Jølstragrinda, gjekk vegen gjennom Jølstraåkeren. Dette var den største åkeren i Joseftunet, og fekk namnet fordi vegen til Jølster gjekk der.

Etter å ha lete att Jølstragrinda kom ein opp på Skolten og deretter til Kvilesteinen. Budeiene på Grimelandsstøylen sette frå seg hylkjet på steinen og fekk seg ei velfortjent kvild. Mang ein langvegsfarande frå Breim og Jølster har nok kvilt på denne steinen.

Vidare kom ein til Kleiva og til hellelagt sti gjennom Gråura. Så var det bratt opp Støylsbakkane til Gri-

melandsstøylen. I nærlieken ligg Hogestøylen. Ei tra- gisk hending knyter seg til Prestekonesvaet ikkje så langt unna denne støylen. Her miste ei prestekone livet då hesten ho sat på for utfor.

På Jølstra-sida finn vi namnet Smørhalvtynnebakken. Det er eit greitt namn på ein bakke der ei halvtynne smør datt ut av salen på ein hest.

### Vedlikehald

Bondene ved Kjøsnesfjorden hadde ansvaret for vedlikehaldet av «drifteraaka yve Tinningjinn». Bondene hadde plikt til 12 dagars vendarbeid vår og haust, ofte langt unna og på vegar dei aldri rekna med å få nytte av. Desse pliktene kom nok som oftast til svært så upassande tid, i all slags ver og utan godtgjersle av noko slag.

Dette er nok bakgrunnen for det som hende 13. november 1706. Då stemnde Anders Leirgrovbakken bøndene ved Kjøsnesfjorden, 12 mann, at dei skulle gjere «deris weje ferdig paa tidingen – deris tillagde weje». Hesten til Anders hadde fått skade i «deris Klop». Han vann tvisten, og fekk ein dalar i erstatning.

Vegen over Tynningen var ein gangsti. Om somrane rei eller reidde ein. Om vintrane kunne ein ta seg fram med hest og slede, men vanlegvis var det liten trafikk vinterstid. Stien var hellelagt over myrane, og det var klopper over elvane.


### Byveg og drifteveg

Vegen var alminneleg brukt av alle. Anten ein skulle til Førde eller Bergen, var det lettast å gå over Tynningen. Fleire jølstringar dreiv fiske om vintrane, og hadde rorbuer på Bulandet og i Batalden. Dei gjekk den vanlege stien over Tynningen, og hadde båtane sine liggjande ved Jølstrabryggja i Førde.

I Jølster var det og krøteroppkjøparar. Dei kjøpte krøter i Jølster og brukte Tynningen som drifteveg. Dessutan kjøpte dei krøter i Angedalen, og dreiv flokken over Sandfjellet til Vona i Naustdal. Der hadde dei dyra på beite. Det var ikkje vanleg å ta dyra gjennom Trodalen, for der er det urete og ulendt. Desse krøteroppkjøpa gjekk føre seg kvart år frå om lag 1900 til 1915.

### Ny tid, nye vegar

Ein kunne ikkje køre med hest og vogn gjennom Tynningen, og då ein frå 1830 og utover gjekk meir og meir over til vognreiskapar, samstundes som ein fekk bru ved Farsund, døydde det meste av trafikken ut.



Stien er fint oppmerka med piler.

Foto: K. L.

I bygdene kringom i landet såg ein gjerne med litt uvilje på dei nye vegane, og folket i Jølster var nok ikkje noko unntak. Vegen gjennom Tynningen hadde vore godt brukbar, samstundes som han hadde vore ei naturleg stengsle.

Dei nye vegane førde til auka bører for bondene. Det vart større skyssplikt, meir pliktarbeid og fleire embetsmenn kom og skulle ha mat og innkvartering. Dessutan vart det meir trafikk av mistenklelege «eksistensar» som vel kunne halde seg heime. Etterkvart viste dei nye vegane seg nyttige for den vanlege mann, og innstillinga vart endra.

### **Utdanning, forkynning og friarferd**

Folk som skulle frå Angedalen til Vassenden, eller omvendt, brukte Tynningen langt inn i 1900-talet. Magnus J. Grimeland, fødd 23.10.1902, bar sykkelen sin over Tynningen i 1925, frå Grimeland til Hjelbrekka. Så sykla han vidare til Volda, for å ta lærarskulen der.

Kristian J. Grimeland, utdanna prest i Amerika, var reisesekretær i Kinamisjonen og seinare Santalmisjonen. Han gjekk over Tynningen i 1934 for å halde møte på Vassenden.

Andreas Helgheim frå Skei gjekk på friarferd over Tynningen i 1934 i dress og bestsko. Då han kom til Grimeland, pussa han skoa sine med lommeduken før han fridde. Han fekk ja frå Antonetta Grimeland.

### **Gode naboor**

Folk på Grimeland og i Hjelbrekka, Angedalen og Vassenden, har alltid kjent seg som gode naboor. Antonetta Helgheim fortel: «Vi kjente oss som naboor til folk i Hjelbrekka. Sommaren 1923 var eg budeie på Grimelandsstøylen. Det var den sommaren eg gjekk for presten. Ofte måtte vi over Tynningen og hente heim buskapen om kvelden. Eg henta kyrne både på Hjelbrekkestøylen og Dalastøylen. Ja, heilt på Flugestøylen var eg og. Og folk frå Jølster kom og leitte etter dyr på Angedalssida.»

### **Farefullt oppdrag**

Under krigen fekk lastebileigar Bertil Svidal eit farefullt oppdrag. Han skulle hente 12 engelske sabotrar på Sægrov. Dei vart lagde bak i lastebilen med presenning over seg og køyrd til Vassenden. Frå Vassenden gjekk dei til fots langs sørsida av Jølstra, deretter over Øygardsbrua til Fluge og Hjelbrekka, og vidare gjennom Tynningen. Det høyrer med til historia at dei kom seg vel fram til Florø og vidare til England.

### **Restaurering**

Stien grodde igjen, men i september 1992 var det folksomt i Tynningen på nytt. Då var stien fint rydda og restaurert. Eikås ungdomslag arrangerte samlinga. Bakgrunnen for det heile kan Harald Hjelbrekke fortekle om:

«Kona og eg var ute og gjekk tur då vi møtte Odd Støfringsdal og Bertolv Aasen. Dette var i 1991. Vi byrja å prate om den gamle ferdsselsvegen over Tynningen og fekk idéen om å rydde vegen. Ja, vi starta nokre dagar seinare. Dette var i august, og det vart ein skikkeleg dugnad. Det var fleire andre som deltok i ryddinga. Vi fann fleire steinheller, og ei klopp vi ikkje visste om.»

No er stien oppmerka med piler. Det er ein times fottur frå Hjelbrekka ut i Tynningen, ein fin ettermiddagstur. Ein kan gå vidare til Grimelandsstøylen og Hogestøylen og ned i Angedalen. Frå Tynningen er det utmerka utsikt både vestover og austover. Lisjhesten og Kvamshesten tronar i det fjerne. Nærare ligg Tindefjellet og Hafstadfjellet.

Ta deg ein spasertur ut i Tynningen. Dersom du har flaks i Smørhalvtynnebakkjen, flyg det opp storfugl. God tur!

### **Munnlege kjelder:**

Arnhild og Harald Hjelbrekke  
Andreas og Antonetta Helgheim  
Karstein Grimeland  
Gunnar Støfring  
Odd Støfringsdal  
Ingemar Nordstrand

### **Skriftlege kjelder:**

Albert Joleik: Soga um Jølst  
Jul i Sunnfjord, 1979  
Grendahistorie I, II og III. Utgjeve av Eikås ungdomslag

### **Gamle ordtak**

Mykje er øydt medan lite er gøymt.  
Du skal fare vel med eit godt betruels.  
Det er kje borte som kome kan.  
Det er gøymt men ikkje gløymt.  
Å selje gull for messing.  
Der det er hjarterom er det husrom.  
Å gå over bekken etter vatn.  
Det er lett å lure den som vil la seg lure.  
Å dra ris til eiga ræv.

Ei dør. Ei vanleg tredør, ca. 2 meter høg, ca. 1 meter brei, med eit handtak ovanfor eit nøkkelhol. Ho veit at når ein bankar på ei slik dør, kjem det ein litt mørk, hard bankelyd. Snart skal ho lage denne lyden. Ho har lyfta hannda for å banke, har endeleg samla mot nok, då ho hører opprørte stemmer der inne frå. Ei myndig stemme vert stadig avbroten av irriterte stemmer, høglydde protestar frå ein klasse i opprør. Snart går diskusjonen så høgt at ho ute på gangen får med seg betar av han. .... bonde-landet....ta godt i mot ....dumtl! seier ei hånleg stemme opprørt.

Det bryt seg heilt i henne. Sommarfuglane ho har hatt i magen den siste månaden vert plutselig overraska av ein brå vinter. Alt frys til is i henne. Eit eller anna set seg fast i halsen og gjer at ho hiv etter pusten. Det er i det heile tatt eit mareritt, drøynd i vaken tilstand. Alt motet ho hadde samla forsvinn som haustlauv i kuling.

Ho forsvinn sjølv for ei stund. I tankane er ho framleis i Jølster. Akkurat no sit ho i det kjende klasserommet på Vassenden barne- og ungdomsskule. Frå plassen sin ved vindauge kan ho sjå dei kjende fjella dekt av kvit, glitrande snø. Ho ser trea som litt etter litt ristar av seg snøen, så dei til sist strekkjer seg nakne mot den lysande blå himmelen. Og ho hører Connie si stemme der oppe frå tavla og alt er ein vanleg song om lykke og folk ho kjenner. Ho sit der i solsteiken ved vindauge og nyt livet.

Så er ho med eitt attende framfor denne vanlege døra som ho veit ho burde banke på. Ho står der og angrar inderleg på at ho sa ja til å flytte. Om ho had-

# VEGEN

*Av Ragnbild Vik Nilsen  
Teikning av Anne Irene Angelsbaug*



de halde seg der ho følte ho hørde til, ville ho verkeleg sete i det kjende klasserommet med kjende, greie folk ikring seg. Ho tenker med ei blanding av frykt og hat på desse framande menneska som sit bak denne teite døra. Ho skal til å snu, og gå heim til det nye huset for å pakke då sinnet tek over, og ei ertande stemme i henne spør om ho vil dei skal tru ho er feig, om ho har tenkt å gjøre seg så lett. Dermed lyfter ho hovudet. Andletet er stift då ho bankar på. Ho er ein robot som i sinne gjer det han er programvert til.

Det er stilt der inne no. Så seier læraren kom inn, og det vert på ein måte endå stillare. Då ho opnar døra, er stilla heilt øyredøyvande. Læraren held ei hand på aksla hennar og presenterer henne for klassen. Ho ynskjer berre at læraren snart skal la henne i fred. Til slutt seier han at ho kan sitje på bakerste rekkje, lengst vekk frå vindauge. Heile tida kjenner ho det som om blikka stikk i henne slik oksen vert stukken med spyd på tyrefektning. Og akkurat som oksen har ho avgjort å kjempe, ikkje blind av raseri som oksar, men med kald likesæle. For dette er ein kamp på liv og død.

Då ho går nedover pultrekka, hører ho nokon som kviskrar noko om møkalukt, men ho lest som ho ikkje bryr seg, held berre fram med å gå og gå den fleire mil lange vegen ned til den bakerste pulten. Nei, aldri skal nokon få vite at ho bryr seg. Ho vil fortsette å vere jølstring av heile sitt hjarte og av heile si sjel og av alt sitt vit frå no av og langt inn i æva. «Amen», seier ho for seg sjølv i det ho dumpar ned på ein skranglete, velbrukt og utilpassa pult bakerst i eit framandt klasserom.

# Då Heggheim tok ut

Arbeidet med å få reist eit minnesmerke etter den tragiske rasulukka på Heggheim i 1868, fekk ein verdig og stemningsfull auslutting under avdukingshøgtida laurdag den, 14.aug. 1993. Mellom 2- og 300 menneske var møtte fram og var dermed med på og kasta ein ekstra glans over høgtidstunda. Forutan sjølv avdukingseremonien var det song av Stardalen mannskor og Varden Visegruppe, tale av vikarierande sokneprest Øystein Skauge. Det var korte taler og nedlegging av blomar ved steinen av etterkommara- ne frå dei to familiene og naboane.

## Her er eit redigert utdrag av avdukingstalen:

Vi skal her minnast den største og mest tragiske ulukke som vi veit om har hendt i Jølster.

Vinteren 1867-68 var eit uvanleg år, med enorme snømengder og mykje vind. Det skjedde mange store og tragiske ulukker på grunn av snøskred mange stader, og spesielt her på Vestlandet. Mange heimar og bygdelag følte seg utrygge, og frykta at noko kunne skje.

Dette var også tilfelle her på Heggheim. Dei frykta mest Storefonna, men det var Grønneskredfonna som valda skaden, da ho tok ei heilt uventa retning.

Vi står på ruinane av det som ein gong var heimen til to familier på Heggheim. Som eit korthus ramla husa saman av dei voldsome kreftene som snømassane førde med seg. Det var eit ufattelag drama som utspela seg her dei første døgna etter at fonna hadde lagt seg om, kvelden den 11.februar. Ingen som har opplevd noko slikt er i stand til å fatta den grusomme opplevinga som folket her vart utsette for, først og fremst dei som låg nede i snømassane og høyrdet at folk etter kvart kom til og arbeidde oppå fonna. Men sjølv om dei ropa det dei makta var det ingen som høyrd nokon lyd opp. Det var gråten som fødde dei i søvnen, då dei høyrdet at det vart stilt og dei forstod at natta nærma seg.

Til saman vart 17 menneske begrevne i raset, berre drengen Johannes kom seg opp av fonna med eiga hjelp like etter at ho hadde lagt seg. Her låg derfor 16



*Leiar i Varden bygdeungdomslag: Bjarte Heggheim og leiar for minnesmerkenemnda Trygve Sægrov ved minnestenen på Heggheim*

menneske begrevne under snøen, der iblant var det 11 born og unge frå 2,5 til 19 år. Her låg også eit ukjent antal dyr begrevne.

Det var folk fra nablaget som først vart klar over kva som hadde skjedd og kom til for å hjelpe. Det fanst ikkje telefon, radio eller fjernsyn som kunne formidle meldinga slik som idag. Derfor tok det tid før folk som budde lenger unna fekk kjennskap til kva som stod på. Men etter kvart kom fleire til, og etter det som er fortalt, kom det hjelp frå store deler av Indre Jølster.

Det var ei sterk påkjenning både fysisk og psykisk alle desse fekk på denne staden. For det var med faren for eige liv, dei gjorde kva dei kunne for å berge mest mogeleg. Dei frykta at det kunne koma nye ras medan dei var der. Dei fekk også fleire grufulle opplevingar etter kvart som dei fann naboar og venner omkomne.

Når vi veit at dei reiskapane dei hadde å hjelpe seg med, idag berre finst på museum, er det med stor respekt vi minnast den innsatsen som hjelpemannskapet gjorde.

Da bergingsmannskapa avslutta arbeidet – sansynlegvis etter tre dagar – hadde dei henta opp 13 døde og berre 3 levande. Jeremias, som var ein av dei som levde, var likevel så hardt skada, først og fremst på grunn av frost, at han døydde omlag ein månad seinare. Også mesteparten av dyra på dei 2 gardane var

døde eller måtte avlivast på grunn av skadar. Men vi må i dag beundre den livskraft og styrke som prega folket på denne tida. Mange av skildringane etter ulukka understrekar i høgste grad det.

Kolbein Heggheim, som var ute på fiske da raset gjekk, miste mor, kone og dei to sonene. Det skal vera sagt at han hadde ingenting å koma heim til. Men han fekk etter kvart nyt livsmot og stifta igjen familie og bygde oppatt heimen. Systra hans, Nikolai var ei av dei som vart funnen i live.

I den andre familien låg Søgnhilde levande nedgreven i snømassane i omlag to døgn saman med broren Jeremias. Dei hørde folket oppe på fonna, men det verste var når kvelden kom, det vart stilt og dei låg der fortsatt. Ho var den einaste i den familien som overlevde. Ho mista mor, far og 8 sysken. Rett nok levde Jeremias, som vart funnen saman med henne, men han døydde nokre veker seinare. Søgnhilde vart seinare gift med Ole Skrede, og vart mor til ein stor barneflokk.

Det er klart at den opplevinga som desse hadde saman med alle som på ein eller annan måte var ramma, sette sine spor og prega resten av livet deira.

Ulukka her på Heggheim har ikkje vorte nemnd med namn, men på folkemunnet heilt fram til idag har denne hendinga vorte nemnd med: DA HEGGHEIM TOK UT. Når nokon brukar utrykket: «DÅ HEGGHEIM TOK UT» veit dei fleste også idag at det er snakk om då snøskreda tok Indre Heggheim i 1868.

Vi fekk ei ny tidsrekning her i grenda etter denne hendinga. Når folk snakkar om ting som har skjedd, så vert det ofte sagt at det hende enten før eller etter DÅ HEGGHEIM TOK UT.

Mange av etterkomarane til både Kolbein og Søgnhilde er samla idag og veit at dei, saman med mange andre, lenge har sett fram til akkurat dette som vi idag er med på. For det som den gongen hende, bør ikkje få lov til å verta gløymd. Vi veit at det har skjedd og det kan skje igjen, det fekk vi vel ein liten påminning om i vinter. Naturen er det lite vi kan gjera med, men vi kan godt med eit slikt minnesmerke bli minna om kva den kan utrette.

Det er sagt – kan hende med rette – at bygda burde skamme seg over at det har gått 125 år, utan at det er gjort noko for å minnast eller æra dei som vart ramma av den grusomme ulukka.

Men uansett – i dag er vi komne til det punkt at vi i fellesskap kan ynskje oss sjølve til lukke med at vi her har fått eit varigt og synleg minne. Det vil for alltid vera med på å minna oss – og ikkje minst komande generasjonar – om det drama som foregjekk her februaridagane i 1868.

P.S. Meir utførlege opplysningar omkring raset på Heggheim er samla i eit minneskrift som er til salgs hos Jølster S-lag. Det kan også tingast hos Trygve Sægrov. Heftet kostar kr. 20,- + eventuelle portoomkostningar.

*Leiar for minnesmerkenemnda  
Trygve Sægrov*



*Mange fann vegen til Indre-Heggheim på denne bøgtidsdagen.*

# Frå målreisingssoga i Jølster

*Av Steinung Helgheim*

Striden for nynorsk i skule, kyrkje og styringsverk kvesste seg til frå hundradårskiftet. Målsaka fall saman med andre stridspørsmål på den tida. Kombinasjonen målmann, fråhaldsmann, vinstremann og skyttarlagsmann var vanleg. Det var lærarane som gjekk i brodden, det var gjerne dei som stod i brodden i alle lag og organisasjonar. Embetsmennene, representert med presten var oftast motmenn i målstriden. Seinare kom det prestar som hadde meir godhug for målsaka, og desse gjorde mange stader mykje for å få nynorsken i bruk i skule og kyrkje.

Målreisingssoga for Jølster fell godt inn i mynsteret. Det var lærarane som arbeidde saka fram, i lag med den frilynde ungdomsrørla. Hardaste målstriden i Jølster stod på frå omlag 1900 og fram til 1920-talet. I denne tidbolken var ungdomslaga i si blømingstid, og dei var alle for målreisinga. Sokneprest Christian Astrup var den den argaste motstandaren av landsmålet, som nynorsken vart kalla på den tid.

## Nynorsk skulemål

I 1893 vart målspørsmålet for fyrste gong dryft på krinsmøte. Dryftingane førde ikkje til noko byte endå, saka var ikkje mogen nok. Men det er forvitneleg at saka vart dryft so tidleg, det syner at målreisingstanken hadde teke til å få grobotn i bygda.

Det sermerkte for innføringa av nynorsk skulemål i Jølster er den stegvise framgangen. Fyrste vedtaket som opna for nynorsk i skulen kom i 1903, då skulestyret gav løyve til at foreldre som ynskte det kunne lata borna få lærebok i soge på nynorsk. Vedtaket førde ikkje til noko stort byte for det fyrste. Å kjøpa nye lærebøker var eit økonomisk spørsmål, og mange var likesæle. So vi skjønar at det ikkje var so mange foreldre som kjøpte nynorskbøker til borna. Men vedtaket er viktig avdi det gav nynorsken eit fyrste innpass i skulen.

Det var lærarlaget som hadde kome med framleggget, og truleg laga dei framleggget med vilje so lite radi-

kalt, for å auka sjansane for å få framleggget vedteke i skulestyret. Når nynorsken fyrst var komen inn i skulen, var det lettare å få utvida plassen til nynorsken seinare. I 1904 vart soleis retten til å gje borna nynorske skulebøker utvida til ogso å gjelda bibelsoaga, naturkunna og landkunna. Sokneprest Astrup mislikta vedtaket sterkt, og det var då ha kom med utsegna om at «Jeg krever at børnene skal lære sin lekse på det almindelige språk, på det som Gud har givet oss».

Desse små sigrane gav målfolket auka tru på saka si, og dei såg no sjansen til å få fullt målbyte i sume krinsar. Lærar Johannes Aalhus kom med framlegg om at dei skriftlege arbeida skulle vera på nynorsk. Åmot, Veiteberg, Heggheim og Klakegg krinsar ville ha målbyte, og skulestyret vedtok at borna i desse krinsane skulle bruka nynorsk i skriftlege arbeid frå neste skuleår (skuleåret 1905/1906). Men borna fekk framleis ikkje bøker på nynorsk. Vedtaket frå 1904 stod ved lag, so det var framleis slik at foreldra avgjorde om borna skulle få lærebøker på nynorsk. Mange laut difor kava med dansken nokre år til.

I 1908 vart vedtaka frå 1903 og 1904 kjende ulovlege. Skulane kunne ikkje nyttja lærebøker i same faget på ulikt mål, alle borna laut ha dei same bøkene. Skulestyret vedtok då at krinsane Åmot, Veiteberg, Heggheim og Klakegg kunne nyttja sume bøker på nynorsk, andre krinsar ikkje. Det kom framlegg om at borna i desse krinsane skulle ha nynorske lærebøker i alle fag. Dette framlegget fall. Det var serleg stor motvilje mot bibelsoge på nynorsk, endå det heilt sidan 1904 hadde vore høve for foreldre som ynskte det til å kjøpa bibelsoge på nynorsk til borna.

I 1910 vann målsaka ved heradsvalet, og frå no av hadde målfolket fleirtalet i skulestyret. Skulestyret gjorde då vedtak om at dei krinsane som hadde nynorsk til opplæringsmål skulle bruka alle bøkene på nynorsk. Dei andre krinsane fekk seia kva opplæringsmål dei ville ha. Ålhus, Årdal, Myklebust,

Dvergsdal og Sygnesand krinsar fekk nynorsk opplæringsmål i 1911. Sandal kom til i 1912, og Gjesdal og Eikås i 1919.

Dei formelle vedtaka om målbyte kom frå 1905 og frametter. Men det vil ikkje seia at det ikkje vart gjeve opplæring i nynorsk før den tid. Mange lærarar let borna få lære nynorsk ogso før nynorsk skulemål var vedteke. Borna fekk ogso læra nynorske songar, serleg Blix-salmane var mykje brukte i skulen.

### Nynorsk kyrkjemål

Elias Blix gjorde mykje for å få nynorsken i bruk i kyrkja. I 1869 kom dei første Blixsalmane namnlaust. Boka «Nokre salmar» kom i 1883, og vart godkjend til kyrkjebruk i 1892. Salmane vart sungne i skulen mange stader lenge før dei vart tekne i bruk i kyrkja. Mange stader kom det til beisk strid før kyrkjelyden fekk ta i bruk Blix-salmane.

I Jølster vart striden om Blix-salmane hard. Det var større motstand mot nynorsk kyrkjemål enn mot nynorsk skulemål. Den mistydinga at riksmalet var det som Gud hadde gjeve seg var utbreidd, og som vi har sett stødde presten opp under vankunna. Mange tykte difor det var serleg gale å bruka nynorsk i kyrkja. Sokneprest Astrup gjorde ogso mykje til å seinka saka. I 1906 vart Blix-salmane røysta inn i Helgheim, men presten let sjeldan kyrkjelyden få syngja dei. I Åhus-soknet greidde Astrup å setja ut saka, slik at spørsmålet ikkje kom opp att før enn i 1916, etter at Astrup var faren frå Jølster.

Etter at Astrup for frå Jølster beinka det seg til. Etterfylgjaren hans, Appolonius Liljedahl nyttja sjølv nynorsk stundom, og han talde til at Nynorsk altarbok vart teken i bruk. Vedtaket om dette kom året etter at Liljedahl var faren frå Jølster, i 1922. Nynorsk salmebok kom ut i 1925, og vart godkjend til kyrjebruks same året. Mange stader vart det ny strid om

Kyrkjemålet, men i Jølster hadde nynorsken fått så godt feste at det ikkje vart vanskeleg å få teke i bruk Nynorsk salmebok. No sette ikkje presten seg på tverke heller. Det var Ragnvald Indrebø som var prest i Jølster då spørsmålet om nynorsk salmebok kom opp. Indrebø var sjølv ihuga målmann, og han var i ei gruppe prestar som sende eit opprop til kyrkjelydane om å ta nynorsk salmebok i bruk. Både sokna tok salmeboka i bruk i 1927.

### Nynorsk i bygdestyringa

Opptaket til å få nynorsken i bruk i bygdestyringa rundt om kring kom sumaren 1921 då Voss heradstyre gjorde vedtak om å krevja nynorsk i styringsverket. Det vestlandske målkontor sende då ut eit skriv som bad andre herad gjera liknande vedtak. Vedtaket i Voss heradsstyre løyste ut eit skred. Mange herad gjorde no vedtak om at skriv frå staten og fylket skal vera på nynorsk. Jølster var mellom dei herada som vedtok å krevja nynorsk i skriv frå fylket og staten i 1921.

### Målstriden vidare

Kring 1920 hadde nynorsken vunne alle dei viktigaste institusjonane i bygda: Skulen, kyrkja og heradet. Men målstriden er ikkje vunnen med det. Lokalsamfunna vert i dag meir og meir innvovne i storsamfunnet, og der er det bokmålet som rår. Rikspressa slepper ikkje nynorsken mykje til, og dei som flyttar ut møter bokmålpresset på universitet og høgskular, eller i arbeidslivet. Mange er likesæle, og byter til bokmål. Likesæla er difor det største trugsmålet mot målreisinga. Målstriden framover må gå ut på auka medvit om målvalet, slik at vi står betre rusta til å møta motstanden frå bokmålsveldet.

### Kjelde:

Anders A. Lothe: Målreisingssoga i Sogn og Fjordane

## Gamle ordtak

Hunden veit kva skinn han skal rive.  
Det som er slege til skilling kan ikkje bli dalar.  
Pirne hundar får rive skinn.  
Det er skam å gjere seg til hund for eit bein.  
Det er betre med ei årestong for dør, enn inga.  
Det før som fyller.  
Spare på skillingen og late dalaren gå.  
Brenne opp eit treskillingslys for å leite opp ein  
skilling.

Det vart for trøngt med to store i ein sekkr.  
Det går antan på armen eller på tarmen.  
Hjelpa er god når ho er med måte.  
Sjølvboda teneste er oftast forsmådd.  
Torva gifter lørva.  
Den nye naglen driv den gamle ut.  
Det er hauk over hane og fan over lensmann.  
Rått i tutt går utatt som det var smurt, men tutt i  
rått går ikkje utatt brått.

For 40 år sidan vart John Havnen frå Jølster akterutsigla i Australia. I den støvete gullbyen Tennant Creek slo han seg ned. Der fann han både gull og kona Peggy, som er australisk urinnbyggjar. Smilet avslørar at gullet ikkje er sløst bort på tanngarden. Men som han seier – eg har funne nok. Hus med symjebasseng har eg fått, og tid til å slappe av. Kanskje vert det tid til ein tur heim til Jølster også!


Eg har då funne noko gull i mi tid, seier John, og drar på orda. Han smiler lurt. Ein mangelfull tanngard avslører at han i alle fall ikkje har sløsa bort gullet på tennene. Kor mykje gull han har funne, vil han ikkje ut med, men han avslører likevel: Eg har funne nok til at eg kan ta livet roleg i nokre år. No skal eg bruke tida til å lese, dra på fisketur og ha avslappande dagar ved symjebassenget.

58 år gamle John Havnen frå Jølster kom til Australia første gong som sjømann, 16 år gammal. I byen Adelaide i Sør-Australia akterutsigla han saman med tre andre kameratar.

Plana var å dra vestover for å få jobb i ei gullgruve. Men folk vi snakka med, sa at det var lite arbeid der. Vi hadde politiet i hælane på oss. I hamnebyane hadde dei røynsle med å få tak i akterutsigla sjøfolk. Så vi tok rådet frå ein australiar om å dra nordover. Nyttårskvelden 1949 kom vi til Tennant Creek i Nord-Australia. Ein støvete liten gullgravarby, fortel

# Gullgravar i Australia

**Olav Veiteberg**  
(kjelde: Tove Randi Rasmussen)



John saman med kona Peggy.

John, og set seg godt til rette i skuggen frå ei palme i hagen. Det azurblå symjebassenget er omkransa av palmer og frodig vegetasjon.

## Gullgravarbyen Tennant Creek

Ungguten frå Jølster fekk arbeid i ei av dei mange gruvene i Tennant Creek. I gullrushet i 1924 vart mange store gullklumper funne i området. Staden er fascinerande. Raud ørkensand, støvete mulgabusker, giftige slangar og edderkoppar er det ein tilfeldig forbipasserande legg merke til.

Det var ikkje eit einaste grønt tre i Tannant Creek. Årleg nedbør er fattige 300 mm. I dei verste tørkeperiodane måtte vi kjøpe vatn! Det er berre gruvearbeidarar som grep etter gull og kopar, samt nokre stae bønder, som har valt å bu i Tennant Creek, 960 km inn i øydemarka frå Darwin.

Livet i Tennant Creek var hardt slit frå morgon til kveld. Vi budde i skur laga av bylgjeblekk. Skura var uuthal-

delege i varmen om sommaren. Ute var det over 40 grader. – Inne i skura var det endå varmare. Men samhaldet var godt, og vi likte arbeidet. Det var eit fint tilvære på mange måtar, fortel John.

I byrjinga grov eg ut massar 400 til 600 meter under jorda. Jordmassen vart vaska for gull. Vi arbeidde i skinet frå karbidlykter. Ventilasjon var ein ukjent ting. Men det var bra betalt arbeid. Vi vart betalt for kvar kubikk med masse. Det var få som klaga.

Eg har greve i mange gruver. I den første eg leigde

saman med ein partnar var vi heldige og fann 200 ounces gull på 16 meter djup. Men det var ikkje noko vi fann på ein dag. Vi brukte mange månader på å utvinne gullet.

Kva er største funnet du har gjort på ein dag? Det meste eg har funne på ein dag er 16 ounces gull. Men då jobba vi hardt. Til vanleg fann vi ein brøkdel av dette. Men vi måtte ha 1/2 ounce berre for å dekke driftsutgiftene for ein dag.

#### 40000 år gammal kultur

I 1958 gifte John seg med Peggy. Ho er australsk urinnbyggjar. Folkeslaget har levd i Australia i over 40000 år.

Dei australske urinnbyggjarane har hatt ei vanskeleg tid etter at engelskmennene kolonialiserte Australia i 1788. Titusentals vart drepne, eller døydde av meslinger, influensa og andre sjukdomar som den kvite mannen førde med seg. I løpet av 200 år har folkeslaget vorte redusert frå 700.000 til 180.000 menneske. Folket mitt har mista mykje av sin kultur. Vi er ein liten minoritet i vårt eige land. Sosiale problem, alkohol og därleg helse gjer at vi lever eit kortare liv enn dei kvite menneska.

Mange kjenner ikkje til stammen som dei hører til. Og kjenner ikkje til historier og legender som har vorte fortalt i bergmåleri i tusentals år. Mange urinnbyggjarar vart tekne bort frå foreldra som born og plasserte i kvite heimar, fortel Peggy tydeleg engasjert. Til dagleg arbeider ho i ei handlingsgruppe som driv med voksenundervisning av kvinner som

ikkje fekk naudsynt skulegong i oppveksten. Det er berre i dei seinare år at urinnbyggjarane har hatt krav på skulegong.

Peggy og John har 4 born som alle har norske namn: John, Olga, Ingrid og Erik.


Alle arbeider på kontor og skular som har til mål å betre urinnbyggjarane sine kår og sikre deira rettar. Erik er kanskje den som har den mest spesielle jobben. Han arbeider på: «Aboriginal Sacred Site Authority» som videoteknikar. Kontoret har til oppgåve å verne spesielle stadar som har religiøs eller historisk verdi for urinnbyggjarane. Ein viktig del av arbeidet er å dra ut i bushen å snakke med ei ymse stamme for å kartlegge heilage stadar.

Familien Havnen er også opptekne av sine norske aner. I 1981 vitja dei to døtrene den norske slekta i Jølster. John har ikkje vore i Noreg på over 40 år, men no har han planar om å ta turen til Jølster.

I mellomtida nyt John gode dagar under palmetrea i hagen i Darwin, eller tar seg ein fisketur i hamnebassengen.

Når eg er på fisketur, er krokodille eit vanleg syn. 5-6 m lange krokodiller ligg og solar seg langs elvebredda, eller lurar i vatnet. Dei er nesten uråd å sjå. Berre litt av augo og nasa ligg i vasskanten.

Når det tek til å krible i beina etter å grave igjen, tek eg turen til Tennant Creek eller Pine Creek. Eg har sikra meg nokre lovande skjerp.



Astrid  
Myklebust:

Vev.  
«Gabriel»  
(utsnitt)



## *Anders P. Sægrov*

*Anders P. Sægrov døydde 20. mai i år, nær 83 år gammal. Han skreiv årvisst ei novelle til JØLST, helst vintratida før våren og utearbeidet tok til. Vi har såleis også i dette jubileumsheftet ei novelle av A.P. – den tiande i rekka – som han hadde gjort ferdig til oss før han la pennen ned.*

*Med uvanleg åndskraft og med mold på benene skreiv han sine historiske noveller, trygt grunnfesta i liv og lagnad til dette folket som har bore jølstrabygda fram frå steinrøysa til den moderne tida.*

*Ein klar tanke om samspelet mellom ånd og gjerning, i perspektiv frå slekt til slekt, prega han. Han sleppte aldri åndstanken, sjølv når han sleit seg heilt ned i bakken.*

*Åndsmannen som steig fram av ura.  
Levande loge!*

*Jarle*

*Anders på 80-årsdagen, 30.7.1990.*

# BORT FRÅ JØLST, frå ætt og odelsjord

*Av Anders P. Sægrov*

Det leid ut i april, vinteren heldt på å sleppe taket på Jølstrabygda. Sunnanvinden hadde teke eit alvorleg oppgjerd med det vinteren hadde stelt i stand, eit rabalder som hadde vara veka til ende. Det siste han gjorde var å sope isen av vatnet. Og no låg bygda der so reinvaska og ny og spegla seg i det blanke vatnet. Det grønkast og grodde i solhallen, og alt levande fekk eit nytt liv. I kvart eit jøl vakna til liv ei grov som krukka og prata både natt og dag, og fosane i dei bratte liene briska seg.

Karane i Storetunet på Myklebost stræva med vedhogginga. Det var ikkje til å nekte at dei stridde litt med solreven i dette vakre vårveret, dei vart døsige. Då tok dei berre nokre få steg bort mellom dei grå torvtekta husa, bort til grannen. Og so fekk dei seg

ein koskprat medan starane flaksa over hovudet. Karane i Storetunet hadde drøfta mange ting ved hoggestabben fram gjennom åra. Men det som no var samtale emne, var so uhørt at det var ikkje til å tru. Dette kunne ta pusten frå nogen kvar. Skulle dette halde fram, ville bygda bli like folketom som i svartedauden si tid. Om rykte var sant, skulle 84 jølstringar forlate bygda og fare til eit land langt borte med det rare namnet Amerika. Og dette skulle skje om få dage.

Kvinnene som henta vatn frå grova som rann gjennom Storetunet, studde seg på vasselen og gav seg god tid. Dei kunne ikkje forstå at han Ola oppe på Fossagarden selde odelsretten til broren Moses. Tenk å reise 1000 mil over hav og land. Og når han

kom fram, so forstod han ikkje kva folk sa, og ikkje ville dei der borte forstå honom. Dette måtte bli som då dei bygde Babels tårn. Han kunne vel fått seg ei kjerring som andre. Og hadde ho arv og heimanfylgle, so kunne han levt satalause dage der oppe på Fossen. Både far og bestefar hadde levt der.

Men noke anna som går for å vere sant og visst: Han Johannes med Elva skal take ut med kjerring og 6 born. Garden har han selt. Han Johannes har gått for å vere ein sindig mann. Folk trur at det er kona ho Emerense som har klart å overtelje honom. Ho har jamt hatt lett for å kome i høg stemming. Og so har ho jamt vore noke hykja i barsokregnet. Men so var det ei av kvinnene som hadde høyrt at inne i Dvergsdalen hadde dei og vorte smitta av galskapen. Han Per og ho Lisbet i Monsstova står reiseferdige med 6 born, og den yngste er berre eitt år gammal. At han «skuleSamel» let dotter si Lisbet kaste seg ut i eit slikt vågespel, var ikkje til å forstå. Kvinnene riste på hovudet, hekta bøttene i vasselen og rusla kvar til sitt fjøs. Men folket i dei grå låge stovene i Storetunet heldt samtala om dette gåande langt ut over kvelden. Det var stor semje om at året 1864 kom til å heite «Amerikaåret».

I Elvastova låg han Johannes og vred seg. Kona hans ho Emerense låg ved sida hans og sov fast. Tenk om han kunne fått sove som ho denne siste natta her. Det kom for honom kor livet hadde vore hardt her, for Emerense og han. Han mintes kalde vårbolkar då dei streid ein umenneskeleg strid for å livberge husdyra. Stort likare var ikkje den hausten då kornet fraus – «grønåret», som det vart heitande. Då dei såg seg nøydde til å selje dyrverdig arvesølv for å kjøpe korn, dei hadde ikkje pengar. Det sveid, men dei var nøydde å gjere det. No kom endå eit uhyggeleg syn fram i minnet, då gråbeinen hadde herja i saudeflokken deira. Då gret ho Emerense som eit barn. Og fleire mørke opplevingar sprengde på for å sleppe til. No såg han for seg stor-raset i Orkja for 4 år sidan då husmannsfolka deira miste borna sine i flodbølgja. Biletet av den fortvila mora kom han til å minnast all sin dag. Uff! stunde Johannes, det var ikkje råd å få sove med slike uhyggjelege syn for augo.

Men han hadde då mange ljose minne frå denne staden. No ville han ta dei fram. Då såg han for seg ein jonsok-kveld for 25 år sidan. Det hende oppe på Breidrinden høgt over Storetunet. Dei sat på ei tuve eit steinkast frå priselden, Emerense og han, han sat og heldt henne i handa. Dei sat stille og såg ut over bygda, og alt dei såg der nede var såre godt. Han hadde nett spurt henne om ho ville vere hjå honom i vonde og gode dagar livet ut – og ho hadde sagt eit fast ja. Ho sat der so frodig og ung, sprudlande full av liv – hadde overskot av kraft og mod. I nærmeste

ver av henne vart han eit nytt menneske, han vart sterk! Og han Jonannes kjende det no som då, det var berre med Emerense ved sida han kunne klare det som stod føre. Noke godt kom og tok rom i sjela hans. Og han tok til å nyte den milde susen frå elva, og so sovna han Johannes.

Aprilnatta hadde teke bort det blågrå sløret, ein ny dag med gylte tindar heldt på å bryte fram. Johannes merka at Emerense sov tungt. Å, ja! Ho trengde sove, ho hadde hatt ei hard tid med å førebu reisa – og alt det som dei no skulle i gjennom, kravde all deira styrke. Dette var Emerense sitt verk, det torde han påstå. Han hadde halde att. Ho var so bergteka av Amerika. Dei rykta som var på omgang i bygda, trudde ho på heilt og fullt. Han Johannes hugsa godt «talen» ho heldt for honom bort i saudefjøset. «Dette landet med desse svarte, fárlege fjella er ikkje noe å bruke kreftene på. Eg er trøytt av dette evige regnet sommar og haust, og denne isande kalde nordavinden som et opp alt grønt kvar bidige vår. Tenk deg Amerika, flatt som ei bakstehelle, gule kveiteåkrar so langt du kan sjå, og dei har 300 solskinnsdagar i året der borte. Og du må hugse på, vi må få dette landet i eige med det er å få – vi må tenkje på borna, Johannes!» Då var det han gav sitt samtykke og let det stå til. Etter dette merka han at ho Emerense fekk att jentesmilen sin, og tiltakslysta kom på topp. Den gamle trugne veggklokka slo 6 slag. Det var på tide å kome seg på føtene, tykte Johannes og gjekk stilt ut. Då vakna ogso Emerense, fekk på seg stakken i ein fart, greidde håret og gjorde opp varme i gruva. Ho hekta gryta i skjeringen og gjekk i gong med å koke morgongrauten. Om eit bel kom Johannes inn att. Det teikna til å bli ein fin dag. No hadde han gjeve merra mat, og so let han sauene få litt med same. Og so hadde han vore fødselshjelp, der låg ein sau som var lambesjuk – no kom nok alt til å gå bra, trudde han. Det tok til å røre på seg i gutesenga oppe på stovebeten. Emerense letta på kvedøra og ropa inn til jentene som låg der, at dei måtte kome seg opp no. Og so måtte dei hjelpe minstegutten med kleda – ho hadde anna å gjere. Sjølv gjekk ho ut i bua for å vekkje eldste guten, Nils.

No kom han Anders Hoja som no skulle bli den nye husbonden i huset. Han hadde lova å syte for båtskyssen ned til Vassenden. Han fekk høgseteplassen, og på krakkane sat Emerense og Johannes på kvar si side. Jentene sette seg lengre nede ved langbordet. Elisabeth og Synneve var ikkje langt frå gråten, det kunne ein merke. Men Brita, den eldste var frimodig. «Likar vi oss ikkje i Amerika, kan vi reise heim att», sa ho nokso kaut. Nils sat sturen og såg ned. Kva seier du Nils? spurde Johannes. «Eg kjem aldri heimatt» Ja, han har ei jente han har måtte gje avkall på, skaut mora inn. No kom Anders til med skulemeistarspråket sitt: «Å, hun kan vel komme over

senere, når han har fått lagt tingene til rette. Jeg tror bestemt at der er en fremtid der borte for den som kan omstille sig og har kraft til å holde ut». Men Johannes var ikkje heilt viss på om dei hadde handla klokt: «Vi er åtte menneske som skal ha dagleg føde, og vi må ha hus før vinteren set inn, og so er det litt av ei reis og!» Men mor Emerense tykte det måtte bli verre for dei i Monsstova, dei er like mange, og den yngste er berre 1 år gammal. «Ja», sa Anders, «det skal ikkje nektast det er et dristigt foretagende, men de får støtte dere i at når skoleholder Ole Knutsen Grepstad reiser over, så må det gå an, han er en meget fornuftig mand og har kunnskaper over de fleste. Han er jo også reisefører».

Alle hadde forsynt seg av graut og spekeflesk. Kvinnene rydda bordet. Karane gjekk for å køre ferdatyet ned til naustet. Og ho mor sjøl gjekk i bua for å kle seg om til reisa. No kom også karane og ropa ut: «Alle må vere klar! Vi må gå!» Sekstenåringen Elisabet brast i gråt. «Eg vil ikkje til Amerika. Eg vil gå på støylen i sommar, og eg vil vere i brudlaupet hennar Marta Hoja og han Lars Frøysland.» Då brast det også for 10-åringen Anders. Gråtande seig han i golvet og ropa: «Eg vil vere der Elisabet er.» Men 7-åringen Ludvik: «Eg vil til Amerika. Eg gled meg so til å følje den store båten». No kom også Anders skulemeister til. Han bøygde seg over dei gråtande, strauk dei varleg på håret og sa mjukt og mildt: «Herren trøste og bevare dere». Storesøster Brita og mor Emerense kom reisekledder frå bua, tok dei gråtande inn å seg, klappa dei og leidde dei ut på dørhella. Emerense og Johannes ville sjå inn i stova for siste gong. Og Johannes sa: «Guds fred over dei som skal bu her inn!» Han tok kona i handa, og dei gjekk ut. Og Johannes sa: «Mang ein gong var det godt for slieten mann å krype inn under dette tak».

Dei hadde fare rundt i Storetunet og teke avskil med grannane i gárkveld. Det som oftast vart sagt ved avskilet, var dette: «Det er som å følgje dokke til grava!» Mest grep det dei då ho Pernilla sa det, dei visste ho hadde vore gift 3 gonger. Two menner hadde ho fylgt til grava, no stod ho der, 59 år gammal, ved sida av den tredje mannen. Håret var kvitt og andletet bar merke av eit hardt liv.

Båten var komen på vatnet. Karane sat ved árane. Anders skulemeister ordna med alt. Ho mor Emerense skulle sitje ved roret. Det hadde ho gjort so mang ein gong på kyrkjeferd. Folket frå heile Storetunet hadde kome til for å sjå amerikafararane vel av garde. Ein båt kom til syne inne ved Nesoddan. Det var Monsstovefolket frå Dvergsdalen. Det fossa frå båten, og det glitra frå árane i solskinnet. Anders skulemeistar ropa ut: «Tiden er inne, vi må fare, men vi synger: «Nå vil vi sie hverandre farvel.» Anders song

med grov bass. Det var få som greidde å vere med i songen, nokre få skjelvande røyster her og der kunne ein høyre, stunda var mektig. Árane hogg i vatnet, båten kom i fart. Stilla og alvoret la seg over alle. Sterke band vart slitne. Det var ein vakker dag med sol over bygda, som låg ung og ny under kvite fjell.

Men Nils tykte det hadde vore betre med snøslaps ein slik dag, det hadde vore i stil med hans grødemde indre. Han tapte jenta si i gárkveld. Ho ville ikkje vere med på eventyret, og so brast det. Det var prisn han måtte betale. Ho var ei klok og stø kvinne, ho hadde begge beina på jorda. Han visste ikkje om han kom over dette, men han vona berre. Han visste at utan honom, ville ikkje forelda hans klare dette, dei var for langt opp i ára.

Når dei heldt på å leggje Myklebostrenda bak seg, måtte ho Emerense kaste augo opp mot Øvre Åsen, der var det ho var fødd for 49 år sidan. Det var der ho tok mot dei første inntrykk som ho truleg aldri kunne bli fri. Våren hadde ikkje kome til Åsen enno. Dei måtte vente der oppe. Og det hadde dei lært seg til, dei som levde der oppe. Vinteren kom alltid tidlegare der oppe, og det fann dei seg til rette med. Den korte sommaren med det vakre utsynet over bygda verdsette dei høgre enn alt. Båten hadde gjordt ein stygg sving. Ingen sa noe, alle forstod kva som var grunnen.

Johannes sat og tenkte på far sin som kom frå Nedrebø og kjende seg som askeladden i eventyret då han fekk kone og gard. Den garden som han no forakta og reiste frå. Han tenkte og på då faren berga guten sin som var komen i bjørnen sine mektige klør, men sjølv fekk banesår. Johannes kjende seg liten, han heldt ikkje mål. Men det kom også føre honom at han var soneson hans Johannes Eriksen Nedrebø, bygdehøvdingen som folket i Jølst gjekk til når noe var vanskeleg. Han var og ein av dei få folket i amtet ville sende til Eidsvoll i 1814. Han kjende seg som ein usling. Han rømde i frå det landet faren og bestefaren ville våge livet for. Han tykte han måtte fortelje dette til Anders skulemeistar som sat på tofta ved sida.

«Jo», sa Anders, «din far var en hedersmann etter som jeg har hørt. Og din bestefar på Nedrebø lige dan. Han var en fremtredende mann, en gave til vår bygd. Men jeg synes ikke at dere som reiser, har grunn til å kjenne dere mindreverdige. Jeg mener at de udover en stor bedrift. Historien er full av beretninger om konger og fyrster som erobret med sverdet. Og det samme gjorde vikingene. Og de forårsaget blodsutgydelse og ufattelige lidelser. Men dere reiser ut for å erobre land med plogen. Så jorden

kan gi grøde til gavn for menneskene. Dere gjør det Herren befaler i første Mosebok, der det heter: Dere skal legge jorden under dere». Emerense, som sat ved roret, såg med milde, gode øye på Anders skulemeistar.

Dei var komne til Vassenden, karane kvilte på årane. Båten tok land med eit lite rykk. Då vakna vesle Ludvik som låg i framskulnen. No ville han sjå den store båten. «Ikkje enno», fekk han til svar.

Skysskarane stod på land og venta med hestar og vogner. Sterke hender bar reisetyet frå båten til vognene. Skysskarane ropa: «Tida er knapp! Det vart ein kort og god avskil med Anders skulemeistar. «La mig gi dere noen ord på veien som jeg selv fikk en


gang: Bli ikke fortvilet om de møter skuffelser – det bruker Herren for å oppdrage oss mennesker. Det som synes ondt, kan vise sig å bli til gavn. Ta vare på de små gleder, se fremover! Men der farer Ole Knutson Grepstad forbi, jeg må gi ham hånden».

«Eit menneske kan få sitje på, det får de skiftast om! No koyer vil» ropa det frå vognene. Folketoget tok til å sige mot Førde. Berre Nils vart ståande i sine eigne tankar. Kanskje det var verd å ta vare på det Anders sa. Vi ser ikkje so langt. Han hadde gått og kjent på at no ofra han si livslukke for foreldra. Det kjendest ikkje slik no. Amerikafararane snudde seg for å sjå det blanke Jølstravatnet for siste gongen. Men Nils og Emerense snudde seg ikkje.

## Gamle ordtak

Ord og rykte fær vidare enn mannen.  
Det hjarta er fylt av, flyt munnen over med.  
Det legs til for den som gjerne vil.

Kvardagsbrus er helgedagsskjetsur.  
Slit silke for armod skuld.  
Daurmålsglott gjer heile dagen til spe og spott.



*Astrid Myklebust:*

*«Fjellflak», vev til Sykkylven grenadabus.*

# Astrid Myklebust



## **Inspirert av natura:**

– Å leve med i årstidene.

Den første snøen.

Skiftinga i lyset.

Godt å merke at føtene står djupt ned i jorda ber,  
Kjende det kvar gong ein kom over fjellet mot Lærdal.  
Brått.

Vart eit anna menneske.

Ei vakning.

– Å vere ekte, – vere tru.

## **Forenkling forsterkar:**

Dra ut det vesentlege i det ein opplever.

Litt farge,

litt struktur,

lukt og lys.

Kjenne vinden mot kjaken,

– sett saman i sterke kjensler.

Mjukt og hardt  
vind og væte  
jord og fjell.

Astrid Myklebust har utforma framsida av «JØLST» og «Gamle ord i jølstramålet». Ho har i år fått mållaget si målros for godt samarbeid med Jølster mållag.

Fødd 22. januar 1934  
Medlemskap: NBK/BKSF

## **Utdanning**

Bergen Kunsthåndverkskole  
Statens Handverk og Kunstindustriskole, Oslo  
Statens lærerskole i forming, Notodden

## **Utstillingar**

Separate:  
Fem separatutstillingar

Kollektive:  
Statens Kunstudstilling  
Vestlandsutstillingen  
Distriktsutstillinga i Sogn og Fjordane  
Færøyaneutstillinga  
Bruksutstillingar i Oslo og Lillehammer  
Div. koll. utstillingar i Bergen, Notodden og  
Sogn og Fjordane  
Larvik kunstforening  
Haugesund billedgalleri  
Høyanger, Sogndal og Gloppen kunstlag  
Sunnfjord Kunstlag

## **Innkjøpt**

Riksgalleriet  
Fylkesgalleriet i Sogn og Fjordane  
Jølstramuseet  
Statens lærarskule i forming, Notodden  
Stord lærarskule  
Sykkylven grendahus  
Skei hotell  
Sparebanken Sogn og Fjordane avd. Jølster  
og avd. Bygstad  
Den norske Bank, Førde  
Førde tekniske fagskule  
Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane  
Sunnfjord Folkehøgskule

## **Utsmykking**

Sjukepleiehøgskulen, Førde  
Yksnebjørheimen, Dale i Sunnfjord  
Mo jordbrukskule, Førde  
Jølster sjukeheim  
Biltilsynet, Førde  
Telebygget, Sandane  
Yrkesskulen, Nordfjordeid  
Messehakel, Ålhus kyrkje


Jarle

# Den gamle bjørka

Einsam står du att  
millom knekte stortre.  
Borken din sprekk,  
men du ber grønt lauv.  
Greinene dine har leddgikt,  
men du kan bøye deg.  
Difor overlevde du  
den store orkanen.

Er du ein forræder  
mot dei knekte,  
dei som stupte på post?  
Sveik du da du sleppte orkanen  
fram mellom fattige greiner?  
Skal du spottast  
fordi du var for arm til å ofrast?  
Fordi du bogna,  
men ikkje brotna?

*Edgar Holen*  
21.2.1993



Astrid  
Myklebust:

«Hornet»  
Telebygget,  
Sandane.

# EIT KRAFTTAK FOR JØLSTER

Av Steinar Dvergsdal

Roleg, stor og kraftig, engasjert i det meste. Lun, humrande latter på innoverpust. Kåre Bjørnarheim er Breimingen som har vore Jølstring i 35 år. Heilt fram til dei siste åra, har han vore Jølster Kraftlag personleg, alltid tilgjengeleg, alltid på vakt. Bjørnarheim har styrt kraftlaget frå før linjenettet vart ferdig utbygd. Friluftsmann og politikar, formann i Idrettslaget og Senterpartiet, varaordførar og i styret for Fjærlandstunnelen. Han har vore aktiv i ei tid med usvikeleg framtidstru. Etterkommarane skulle velsignast med meir vegar, fleire bruer, lengre tunnellar og meir elektrisk kraft. Ei tid då ein greidde mykje med lite. No greier ein lite med mykje.

Saman med vener i Samyrkelaget berga dei Felleskjøpet til Skei.

– Er det sant at det stod om 10 cm på reguleringsplanen?

– Jølster Kommune hadde laga ny reguleringsplan. Direktør Gjeldokk i Felleskjøpet kom til Skei og meinte det gjekk for mykje av tomta. Reidar Reed var i butikken og henta meterstokk og vi målte opp for han. Det dreia seg vel om ein reduksjon på 1 meter eller så. Trur vi var med å berge Felleskjøpet til Skei den dagen.



Kåre Bjørnarheim ved datamaskinen sin i Jølster. Trass alvorleg sjukdom har han skrive saga om dei 34 småkraftverka.

– Men det vart ingen Bjørnarheimvri på Erlands mjølkemaskin eller lokal påbygg Volvolastebilar?

– Nei, men det stemmer at eg i min unge iver møtte opp hos direktør Erland og føreslo forbeteringar på mjølkemaskina, og at eg var hos sjefane i Volvo på 50-talet og ville påvirke dei til å produsere påbygg på lastebilar her lokalt.

– Vart det mange straumlause med skrikande barneflokkar etter at du hadde vore på innkassorunde rundt i Jølster?

– Nei, det var sjeldan at vi tok straumen frå nokon. Som regel kom vi til ei ordning. Svært lite pengar vi tapte på å prøve å hjelpe folk over ei krise. Rart å tenkje på smágutar som sat rundt i stovene og høyrdé på. No er dei gjerne rimeleg dugande

bønder og har ikkje noko problem med å gjøre opp for seg. Det kunne vere sjukdom og slikt som var grunnen. Som regel fekk vi pengane seinare.

– Gamle ferdssvegar er tema i bladet i år!

– Her var lenge merke etter det, ved at Jølster og Jølstringar åtte eigedomar i andre kommunar. Hestebete på Sandane og båtplassar ved Sognefjorden. Folk frå Åhus åtte gardar på Viksdalen og i Naustdal, og til og med Naustdalskyrkja. Namn i t.d. Søgneandsdalen som Hestedalen og Hestebotnen vit-



*Det bastar med å ta vare på dei 2-3 siste kraftverka som kan bergast for ettertida.*

nar om at ferdslle med fedrifter også kunne gå høgt til fjells.

Hjerteoperasjon på 80-talet, tok Kåre med godt humør. «Ikkje meir enn ein mann må tåle», sa han og la til eit par latterhikst. I dag er han ramma av ein sjeldan og uhelbredeleg sjukdom, Amytrofisk laterol Sclerose. Han omgjev seg med trappeheis, respirator og alarm. Pustar inn gjennom hol i strupen. Kåre Bjørnarheim har etter han vart sjuk, skrive soga til småkraftverka i Jølster, 250 siders manuskript ligg no klart. Bjørnarheim kan fortelje om folk som gjekk saman for å skaffe kraft til ei lyspære å kvar.

– Anders Erikstad bygde kraftverk rundt 30-talet. 7 – 8 abbonantar med 200w kvar, vart bra framgang. Seinare kom strykejernet og skaffa nye behov. Dei tok 300w. Om ei stund utvida straumforbruket ved at dei snudde strykejerna og kokte på dei.

– *Kor mange kraftverk var det i Jølster?*  
– I alt 34 verk. 26-27 av dei var rimeleg bra verk.

– *Kva vanskar var det småkraftverka strei med?*  
– Verst var det kanskje med ising og ustabil drift vinterstid. Det vart brukt både list og makt for å rå bot med det. Her er døme på at is vart sprengt bort med dynamitt. Somme tider vart det lagt stort arbeid i å demontere trerøyr for å fjerne is. Krava til auka og stabil tilgang på kraft kom etterkvart som folk tok i bruk nye elektriske apparat. Dette la grunnlaget for Jølster Kraftlag som vart skipa på 50-talet.

– Vatnet vart vel også nytta som kraftkjelde utan å gå vegen om elektrisitet?

– Alt frå 1890 var her meieri drivne av vatn. På



*Det er tilgangen på elektrisk kraft som har snudd mest på folk sin kvardag i dette hundreåret.*

Grungen var her slik meieridrift i perioden 1898 – 1941. I Svidalen var det t.d. i tillegg til kraftverk, to sagbruk, mølle og 10-11 kvernhus.

– *Kva har skjedd med småkraftverka i ettertid?*

– Alle verka er nedlagde. Det hastar med å ta vare på dei 2 -3 siste, som enno kan bergast for ettertida. Her må nokon ta ansvar! Hugs på at det er tilgangen på elektrisk kraft som har snudd mest på folk sin kvardag i dette hundreåret.

– *Ingen av oss veit nøyaktig vår tilmalte tid. Du har dei siste 3-4 åra fått meir enn påminningar.*

– No kan ei forkjøling eller lungebetendelse vere nok til å reise med dei siste kreftene mine.

– *Andøgar du på ting du skulle ha utretta i livet?*

– Det er klart det er ting som ikkje vert gjort, men det er ikkje råd med det. Eg er trass alt 64 år. Det kan vere andre det kjem mer ulageleg på enn meg.

– Eg held fast på det vi er opplærde til. Eg er døypt og konfirmert. Trur ikkje vi treng søkje noko meir enn det.

## Gamle ordtak

Han sel ikkje two sildar for ei.

Fint skal det vere om halve ræva er berr.

Har eg skamma so har eg no ikkje skaden.

Det er større skam å ete seg i hel enn å svelte i hel.

Det er stor skam å ete mykje, men større skam å løvye lite.

Den som har ræva til gamma får henne ein gong til skamma.

Det skal lite til før det er betre enn inkje.

Av skade vert ein vis men ikkje rik.

Gifter du deg ikkje før du får vit, so gjer du det ikkje sidan.

Det er synd og skam å stele på annan manns hals.

Det er därleg forretning å lyge i eigen pung.

Det er lite hjelpe i å gråte over spilt mjølk.

Splitt og hersk.

Å byte kyr i veirenos.

Den som har valet tek skalet.

Ein kvar voksen råder seg sjølv og dei små gjerer som dei vil.

Den gryta som kokar til tvau kokar alltid til sjau.

Det er betre den kvisten som bognar enn den som brest.

Namnet skjemmer ingen.

Når svinet er fult er drævet surt.

Stort lyt det store følgje.

Omvøla er no den ho heiter, sa kjerringa, ho snudde skjorta julafsta.

Loven er ærlig, holden besværlig, eller

Å love er ærleg å halde er besværleg.

Det er därleg gris som ikkje har krull på rompa.

Det er mange krokar på ein bein veg.

Det er synd å gjeve bakarbornet brød.

Kast ikkje perlar for svin.

Ein ung kan døy, ein gamal må døy.

Det er kje gull alt som glimar.

Ein dåre kan spørje meir enn ti vise kan svare.

Dei uler med dei ulvar dei er i lag med.

Når nauda er størst er hjelpa nærmast.

Mange bekkjer små gjer ei stor å.

Det er mon (mun) musa pessar i sjøen.

Betre seint enn aldri.

Tenk og gjordt er ikkje alltid likt.

Når katten er ute spring mysene på bordet.

Sjølv gjort er velgjort.

Dei kjem til tida som kjem sidan.

Den som vil have alt han ser, får gråte når andre lær.

Ein får greide seg som ein kan og ikkje som ein vil.

Betre godt hengd enn därleg gift.

Eg er på aldersheimen på Vassenden for å få ein prat med Johanna og Kristen Strand. Posten er nett komen og Johanna er fordjupa i «Firda». Ho lyser opp og legg avisa vekk då ho ser det er kjentfolk. Etter ei stund kjem øg Kristen inn, han har sete på daglegstova.

Det er snart fem år sidan Johanna og Kristen flytta frå Husebakken, øverst i Sanddalen, til aldersheimen. Her har dei fått eit koseleg husvære med stove, soverom og kjøkkenrøk. På veggene heng fotografi og vevne tepper – kjære minne frå stova på Husebakken – og telegrammet frå Kong Olav V til Kristen sin 100 års dag.

Sist sommar fylte Johanna 99 år og Kristen vart 104 år i september. Det er Johanna som fører ordet. Ho hører godt, er glad i å prate og set stor pris på å få besök. Det er verre for Kristen å følgje med i samtalens, for høyselen hans er blitt svært dårleg. Elles er dei friske og etter måten spreke begge to, og har trass den høge alderen ikkje hatt alvorlegare plager enn beinbrot og stær.

Eg vil gjerne ha Johanna til å fortelje litt frå då ho var ung. Ho er ikkje tung å be, og ho hugsar godt.  
–Eg var knapt eitt år då foreldra mine kjøpte Husebakken, og flytte dit frå Gjesdalen. Vi hadde med oss nokre bukkar og to kyr. Eg hugsar enno at den eine kyra var brun, den andre svart og kvit – og spesielt fin. Dei to fyrste åra måtte vi byggje både stovehus og fjøs, for det var smått med bygningar på det vesle bruket. Ei lita stove som stod der, blei seld og flytta. Seinare kjøpte vi stova att og sette henne opp som sel på støylen. Mor var herreskreddar, og tok syoppdrag. Det var kjærkomme kroner attåt det garden gav. Etterkvart kunne vi auke dyretalet med eit par kyr og nokre sauer.

5 år gamal, fekk Johanna ein bror, Nikolai. Han drog tidleg til Amerika, og kom ikkje tilbake til Husebakken. Johanna blei foreldra si hjelp og støtte på garden. Som mora, var ho flink å sy, så det er nok mange eldre i Sanddalen som i barndomen fekk kjarlar og kåper frå hennar hand.

# Eldst i Jølst

Tekst og foto: Ann Elena Stadheim



Ho fortel om tungt slit i ung alder: –Eg gjekk mykje på leigearbeid, så det som skulle utførast heime, måtte ofte gjerast i seine kveldstimar. Eg begynte tidleg å gå på støylen. Etter ein hard dag på slåtteteigen, var det å komme seg av garde. Ikkje alltid var kyrne komne, så eg måtte til fjells for å leite etter dei. Om arbeidet ofte var tungt, så er det dei gode minna frå stølslivet i lag med alle stølsjentene som oftast kjem fram i tankane mine..

Kristen er oppvaksen på Strand. Han kom til Husebakken som dreng, og det enda med bryllaup i 1938. Johanna hugsar bryllaupsdagen som den var i går. –Det vart eit ofseleg uver den dagen, og utenkleleg å komme over vatnet til Ålhus i båt, slik det var

vanleg. Vi måtte få tak i bilar, og det var ikkje fort gjort på den tid. Ein bil var oppteken i jordmorskyss, men til slutt fekk vi ein bil frå Førde og ein herifrå. Leisveinar måtte vi og få tak i, dei skulle bere regnhattane over brurefolket. Men så skjedde det merkelege, at då vi skulle gå ned til vatnet der bilane venta, braut sola gjennom og det sluttet å regne. Presten tok dette med i talen sin til oss..

Kvardagen til Johanna og Kristen har vore fyllt av mange og tunge tak. Johanna fortel litt om det øg; –I fjøset hadde vi 4-6 kyr, nokre ungdyr og sauer, men vi hadde aldri hest. Vi slo graset med ljå. Kristen bar hesjestauen ut på aksla, og høyet bar han inn i børatog på ryggen. Stølshøyet drog vi heim på sloar når føret var godt. Men vi hadde ro over arbeidet, og tok oss tid til kvile. Tida var ikkje så oppjaga då som no. I 1961 let vi garden over til Synnøve og Ingolf Egge. Ingolf hadde då vore oss ein trufast hjelpar i fleire år.

Som liten hadde eg stor glede av å gå på Husebakken på besök. Kristen var alt då blitt pensjonist, og dei hadde rikeleg med tid. Roa rundt matbordet i stova på Husebakken er god å tenkje tilbake på. Kanskje er denne roa over livet litt av oppskrifta til god helse og høg alder.

# Mitt år i Frankrike

*«Ud vil jeg! Ud! – o, så langt,  
langt, langt,  
over de høie fjelde!  
Her er så knugende, tærende trangt,  
og mitt mod er så ungt og rankt,  
lad det få stigningen friste  
– ikke mod murkanten briste».*



Ungane, Hélène-Sophie og Guillaume, og meg.

Ja, noko hadde vi kanskje til felles, Bjørnstjerne Bjørnsom og eg, nemleg «behovet» for å komme seg på andre sida av fjellet. Eg satsa på å utfordre eventyrlysta i Frankrike. Eg valde å reise som Au Pair, noko som innebar fri kost og losji hos ein familie, i tillegg til 1500 FF i månaden. Oppgåva var å passe borna deira i arbeidstida. Litt husarbeid og enkelte kveldar som barnevakt var òg ein del av arbeidet.

Familien eg kom til, hadde to born; Hélène 2 1/2 år og Guillaume 1 år. Faren var lege og mora sjukepliciar. Borna var som born flest, allereie første kvelden måtte eg lese eit eventyr eg ikkje forstod noko av, medan Hélène retta på lesinga mi. Ho prata som

ein foss, men ho vart vel litt oppgitt då eg ikkje forstod kva ho sa då ho skulle tisse og bæsje. Men trass i desse språk-barrierane fann eg meg fort til rette i denne svært sympatiske og hyggelege familien.

Etter ei tid flytta vi til Saint-Etienne, ein by med 204.000 innbyggjarar. Dette førte til store endringar i forhold til å bu i ein liten landsby, slik vi tidlegare hadde gjort. Om eg tykte huset vi hadde budd i var litt skite, kunne det ikkje måle seg med det vi kom til no. Og det var heller ikkje snakk om å vaske ned før vi flytta inn. Neidå; det skulle pussast opp. (Vart ikkje gjort før etter eit halvt år!)

I Saint Etienne byrja Hélène på skule (barnehage). Eg skulle følgje henne fram og attende fire gonger for dagen, ettersom dei hadde to timars siesta midt på dagen, slik som alle andre franskemann. Guillaume var heime med meg heile tida, og vi gjekk masse i parken.

Marie syntest husarbeid var pyton, og difor var det mindre enn minimalt som vart gjort. (Ein får mykje meir att av å lese ei bok, meinte ho). Hadde ikkje eg teke meg av klesvasken, hadde eg aldri hatt reine klede. Michel måtte stryke skjortene sine sjølv. Støvsugaren var framme omlag tre gonger i løpet av året. «Den lagar så mykje bråk», sa Marie. Dermed måtte vi koste støvet av dei persisk-imiterte golvteppa opp på eit boss-brett. Dei to kattane familien hadde (ein frå psykiatrisk og ein som var kastrert) var òg med på å forsøre husarbeidet. Kattehår over alt og trakking på bordet kvar gong vi át.

Etter ei tid byrja eg på skule, og eg kom raskt inn i eit svært intermasjonalt miljø av Au Pairar og studentar. Vi prøvde å arrangere fellesturar med ulike mål. Vi var mellom anna på fjelltur, der vi på ekte fransk vis gjekk på restaurant og át middag, midt oppe på fjellet. Ein veit nemleg aldri når ein franskmann blir svolten. Og når han først blir det skal, det etast, – som vanleg, – på skikkeleg vis. Det vil seie tre rettars middag med vin til maten. Vi Au Pairane hadde store problem med vekta, for dessertane var alltid freistande. Ei dansk jente la på seg 9 kg på tre månader...

Andre ting vi gjorde, var å reise på slalom-tur til Alpane. Der heldt vi oss i nærleiken av kjende stasjonar som Val D'Isere og Tigne. På andre turar var vi til Nîmes under eit gedigent tyrefektarstemne, til Montpellier, Aix-en-Provence, Toulouse osb. I Marseille vitja vi mellom anna slottet til greven av Monte Cristo, Chateau d'If, som ligg på ei lita klippeøy sør-



*Utsyn over Marseille, og den tilsynelatende usarlege hovudgata fra togstasjonen. I røynda var dette det mest kriminelle strøket i heile byen.*



*Château d'If. Klippeøy 3 km sørvest for Marseille. Vart bygt i 1542 av Frans 1. og vart lenge nytta som statsfengsel og særleg kjend frå boka «Greven av Monte Cristo» skriven av Dumas.*

vest for byen. Diverre bar denne byen tydeleg preg av å vere den byen i Frankrike som har høgst kriminalitet. Dette gav også ein trøytt politimann uttrykk for, medan han gav dei arbeidslause arabarane skulda for problema.

Som seg «hør og bør» reiste vi òg på vinsmakingstur til Borgogne. Her fekk vi lære (mellanom anna) om produksjon av både raud- og kvitvin, og vi fekk smake vin av ulike årgangar – rett frå fata. Eg hadde

aldri drøymt om kor mykje tradisjon, prestisje og ære det låg i dette yrket.

Sjølvsagt vitja eg òg Paris; i høve at mamma og tre av tanteine mine kom dit. På ei veke rakk vi over dei mest kjende turistmåla i denne verdsmetropolen. Vi var innom Eiffel-tårnet, Versailles, Den Røde Mølle, Orsay-museet og Sacre Cœur. Travelt var det, men det er utan tvil den flottaste og mest spanande byen eg har vore innom.

Den franske osten gjorde ikkje store lukka hos «den norske delegasjonen» i Paris. Det var tydeleg at sjølv om Frankrike har like mange oste-typar som det er dagar i året, kunne dei ikkje måle seg med dei få norske. Derimot var min franske familie svært så begeistra for den norskeosten dei fekk smake. Uttrykk som: «Åhh... eg kan ikkje slutte...», eller «den osten hadde eg ete opp heilt åleine, dersom du ikkje hadde vore her!», eller: «dette er betre enn dessert!» var ikkje sjeldan vare. Det same gjentok seg då Michel sette tenna i ekte heimelaga kjøtpølse frå ho «mor's kjøkken». -Nei, då var det berre velstand i huset. -Men kvifor kan ein ikkje kjøpe slike varer i butikkane, spurde dei.

I jula gjorde julekakene heimafra stor suksess, særleg hos ungane. Pepparkakene og sandnøttene var mykje betre enn den franske iskaka, som var det einaste tradisjonelle i fransk julekost. Familien viste om. Svakt. Vi hadde i alle fall fire rettars julemiddag, men kom ikkje lenger enn halvvegs før alle var mette.

I Frankrike skulle ikkje borna sjå nissen, så oftast kom han om natta (kl. 24). Gavene la han att under juletreet, som ofte var av plast. I mange familiar var det faktisk vanleg å legge borna, for så å vekke dei etter kl. 24. I min familie kom nissen innom medan alle åt, og la frå seg alle gåvene ubemerkta.

På nyttårsafta reiste eg austover til Anne Sølvberg, som òg feira jula i utlandet. Ho var i Frankrike som utvekslingsstudent og budde i den vesle byen Aix-les-Baine. Det var skikkeleg moro å feire det nye året saman med nokon som ein kjende litt frå før, og som snakka norsk. Då slapp ein å forklare alt.

17. mai laga eg pannekaker og tok med meg ungane og reiste i ein liten park. Svenske Lotta kom med «sine» ungar, og så sette vi oss på ein grøn flekk og kosa oss. Men freden varte ikkje lenge. Ein politimann kom og jaga oss vekk, det var forbode å sitte på graset!

Men så kom 14. juli og fransk nasjonaldag. Familien min heldt på å pusse opp mitt rom, så eg tok med meg ungane ut og fekk sjå paraden av militære troppar, krigsveteranar og opptog av brannbilar. Eg høyrd ikkje eit einaste «hurra»-rop, såg ingen born med flagg og ingen i nasjonaldrakt. Eit korps spelte opp i paviljongen, men det var fullstendig utan Gunnar-Smaadal-disiplin, så dei imponerte ikkje. Dessutan hadde ikkje folk gått «mann av huse» for å feire nasjonaldagen. Kvar hadde nasjonalkjensla teke vegen?

Så kom dagen då eg skulle forlate familien som eg



*Alpane og «Nordmannen».*

var blitt svært glad i, og dette spennande landet som eg hadde lært å kjenne. Men dersom alt gjekk etter planen, skulle eg kome attende til hausten og byrje på skule. Difor vart ikkje avskjeden så tung.


Eg håpar eg ikkje har skremt folk med mi skildring av opphaldet, eg må vel berre seie at familien min ikkje var typisk fransk. Om nokon skulle synast dette høyrest spennande ut, vil eg berre seie: «Ta sjansen!» Uansett så lærer ein noko av alt ein opplever.

*-Saulut et à bientôt*  
Tone Lin



*Her er dei fleste som gjekk i klassen min.  
Her var Japan, Noreg,  
Tyskland, Finland,  
Danmark, Østerrike,  
England og Israel  
representerte.*

# Barneside



Set inn i diagrammet vassrett, stadnamn i Jølster. Om du set rett namn på rett plass, vil du i midten loddrett få fram eit ord som har med jul å gjøre.

Send løysinga til:  
Jølster Mållag  
v/Ingrid Søyland  
6840 Vassenden

innan 10. januar 1994.

Bokpremiar

## Alder

To smågutar leika i sandkassen. Den eine, som var fem år, lurte på kor gammal den andre var. Det visste han ikkje. Tenkjer du på jenter, spurde den første. Nei, det gjorde han ikkje. Ja, då er du berre fire.

## Godt sagt

Somme foreldre leiger ei barnevakt når det dei treng er ein løvetemjar.

Fjernsynet er den aktive form for dovenskap.

Jamvel fjernsynet på sitt verste har sine gode sider; til verre programmet er for born, til rolegare sit dei.

Når ein politikar gjev ei forklaring, må forklaringa forklarast.

Det er det gjestene seier etter at dei er gått som verkeleg tel.

Einaste utvegen til å bli kvitt ei freistung er å gje etter for henne.

Nokre spring unna freistinga, andre kryp avstad og vonar ho skal ta dei att.



## **Skya som skulle finne seg ein farge**

Det var ein gong ei sky som ville få ein farge. Den spurte reinsdyret, men den sa at han ville ikkje gje farge til ei sky. Skya reiste vidare i nord og i sør, men skyen tenkte: «Eg henter ein farge hos Prinsesse Snevit». Skya spurte Prinsesse Snevit og Prinsessa sa at det gjekk kanskje. Skya var veldig glad for å ha fått seg ein farge. Han ville til Bergen for å finne seg ei dame-sky. Men då han kom til Bergen var det ingen skyer der. Han spurte alle menneska i byen, men alle hadde det same svaret. Menneskene sa at det var berre ei sky igjen og det var Prinsesseskyen. Plutseleg forandra skyen seg til ein sky-prins. Han dro til prinsessa og fridde, men kongen var ikkje så sikker på om han skulle la prinsen få dattera. Så han sa til skyen at då måtte han gjere ei oppgåve som var veldig vanskeleg. Den gjekk ut på å drepe ein drage. Dragen var 10 meter høg. Då sa han berre gje meg rustning så går eg. Han gjekk og gjekk heilt til han kom fram. Dragen sov så det var lett å kome opp på toppen. Men så snart han hadde komt opp våkna dragen. Dragen spruta eld så bare tusen. Då tok han og kutta av håve til dragen men det berre vaks ut fleire hovud. Men til slutt hadde han drept dragen. Han gjekk ned igjen. Han fekk prinsessa og halve kongerike, og dei levde lykkeleg.

Mari

Det kom ei sky fra Røverland. Skyen skulle stjele ei skyprinsesse langt borte frå Røverland.

Men røverskyen måtte forbi ein drage. Skyen hadde problem med å kome forbi dragen. Men klarte det til slutt. Og skyen røva prinsessa og gifta seg med ho.

Inger Marie

Det var ein gång ein hond som hadde ein elefant til besteven. Men slangen budde like ved venen. Ein gång honden skulle besøke han då kom slangen: «Skal vi sloss», «Nei takk». BANG, BANG, der kom elefanten. Dra til Bloksberg. HJELP! Og der var slangen vekk.

Andre

## **Skyfantasi**

Rytteren i skyen reiste til Bergen. Da han skulle heim igjen måtte han ta skyfergen. I Bergen kjøpte han seg ein hatt, men han lengta meir etter sin kule katt. God natt. Luftige ord.

Trond

Ryttaren er ein prins som fer frå skyslottet i Skyland. Han fer til Noteskyland der bur prinsesse Note og kongen. Prins Sky fridde til prinsesse Note og ho sa ja. Så drog dei til Kanarisky for å finne ei papegøye. Der fant dei ei papegøye og drog til Skyland og der gifta dei seg. Og levde lykkeleg alle sine dage.

Silje Ålbus

Skyen ser ut som Norges kart, men brått forandra ho seg til ei sol. Skyen ser ut som hovudet til Pluto, men brått kom ei vakker prinsesse. Men ho var fanga av den fæle løva som het Brøl og Brøl hadde stengd prinsessa inne på eit rom oppe i tårnet.

Ein dag fekk prinsen høyre om prinsessa som var blitt fanga av den fæle Brøl. Da bestemde han seg for at han skulle redde prinsessa. Han gjekk og gjekk og gjekk heilt til han kom til Sky-slottet. Da kom Brøl ut og sa: «Brøl. Eg vil redde prinsessa. Då sa Brøl: Klarer du å løyse den vanskelige gåta om prinsessa Ja, sa prinsen. Han klarte det.

Silje Mari

## **Skya som ville til England**

Det var ein gong ei sky som ville til England, men fikk ikkje lov av mor og far. Skyen fekk til slutt lov å reise til England. Då ho kom til England regna det, men så blei det sol då ho reiste til syden. Snipp snapp så var skyen ute.

Jannicke

Det var ein gong ein hai-sky som ville hjelpe venen sin men han måtte lage hol i ein sky kvalfangar for venen hans var ein kval-sky. Men det var vanskeleg å lage hol i skyskuta. Hmmmm, sa skyen, i det han forandra seg om til ein cowboy-sky. Vinden kan hjelpe han med omforminga. Pang, pang, endeleg rømte dei dustane. Hei gamle venn, kossen går det? Bare bra med meg, men du då, var ikkje du ein hai-sky då. Jo, men eg måtte skifte fasong veit du. Å ja.

Endre Hope

## Fantasi eventyr

Ei sky var ein hund og eg ønska det var ein hund på verkelig. Plutselig var skyen vekk, og på bakken stod det ein hund og eg fikk oppfylt eit ønskje.

Stig Thomas

Det var ei sky som såg ut som ei gås. Gåsa hadde vorpe eit egg. Egget var ei lita, rund sky under gåseskyen. Ein annan plass såg eg eit hundehovud.

Janne

Skyen ser ut som eit revehovud. Skyen er som skilpadde. Ei stund var skyen eit nashorn. Men brått forandra ho seg til ein piraifisk.

Øystein

## Skyen


Det var ein gong ei cowboysky som skulle redde ein liten gut. Først måtte han gå igjennom 10 sjørøvarar. Den første skubba han i vatnet. Den andre lurte han og den tredje stakk han frå og den fjerde satte han i fengsel og den 5. 6. 7. 8. 9. hosta han på og den tiende stakk av.

Dan Henning

Ein dag skulle supermannskyen ut i verda. Først skulle han forbi skyslottet men brått kom vakthonde og han hadde so stor fart at han måtte bremse med framlabbanen. Eg har det så travelt sa vakthonden og pilte forbi. Etter han kom eit romskip og supermannskyen var fornøgd med det han hadde opplevd.

Terje Klakegg


Det var ein gong ei mussky som ville bli ei pappegøyeyesky for di pappegøyene har so fine fargar. Og musa hadde bare gråfarge og så trylla musa seg til ei pappegøy, men ho fekk ikkje fargane sine. Men det gjorde ingen ting for ho vart ei skravle pappegøy.



Ida

## Skyen

Skyen ser ut som ei and, men no er ho blitt ein Z. Hjelp ein bulldog. Å nei eit gap, det var da som bare.




Kjetil

Et du graut, blir du staut. Et du sild, blir du gild. Et du skrå, blir du blå. Et du gorilla, blir du lilla. Et du sitron, blir du spion. Et du tiger, blir du diger. Et du stratos, blir du Atos. Et du bror, då får du mor. Et du bror, då blir du stor. Et du Connie då blir du ponni.

Henriette

Et du fisk, blir du frisk. Et du ein tomat, blir du lat. Et du frukt, blir det lukt. Et du graut, blir du staut. Et du sild, blir du stor og gild. Et du skrå, blir du bleik og blå. Et du mat, blir du ein pirat.



Renate


Et du ein lapp blir du slapp. Et du reddik, blir du eddik. Et du skrå, blir du rå. Et du ein hatt, får du ein katt. Et du ein ost, får du ein kost. Et du spann, blir du ein mann.

Jo Apneseth

Et du appelsin, so får du limosin. Et du ein gorilla so blir du lilla. Et du ein eddik so lignar du på Fredrik. Et du best so blir det fest. Et du gris so får du ris.

Rolf-Arne

Et du graut, blir du staut. Et du sild, blir du stor og gild. Et du skrå, blir du bleik og blå. Et du kjøtt, blir du trøtt. Et du busker, så får du muskler. Et du ei mus, så får du eit hus. Et du ein hest, så får du ein prest. Et du ord, blir du stor.



Hilde

Et du din bror, då blir du stor. Et du di lompe, byrjar du å prompe. Et du frukt, blir det lukt. Et du sitron, blir du ein spion. Et du Jo, må du på do. Et du ris, blir du ein gris. Et du Anita, blir du for lita.

Kine

## Rim om ting

Et du is, får du flis.  
Et du egg, får du skjegg.  
Et du skrå, blir du blå.  
Drikk du juice,  
får du lus. Slepp du ein fis, får du ein is.  
Et du ein is, får du ris.  
Et du ein lapp,  
blir du slapp. Et du  
kål får du hål. Hei og Hopp du er topp!




Runa



Et du fisk, blir du frisk. Et du egg, får du skjegg. Et du graut, blir du staut. Et du skrå, blir du bleik og blå. Et du sild, blir du stor og gild. Et du stein, blir du rein. Et du hest, blir det fest. Et du di lampe, får du krampe. Et du ein lim, blir du fin.

Kai-Robert

Et du graut, så blir du staut.  
Et du sild, blir du stor og gild.  
Et du skrå, blir du bleik og blå.  
Et du bær, blir du svær.  
Et du blyant, blir du elefant.  
Et du ein rokk, blir du ein kokk.  
Et du ei dør, blir du ein guvernør.  
Et du kake, må du bake.  
Et du kjeks, blir du heks.  
Et du ein kost, blir du ein ost.




Kurt-Rune Bergset

## N. B. KVAMMEN

EIKÅS, JØLSTER  
ASS. HANDEL

Telefon nr. 57 72 71 54 – Postgiro 5 79 98 46



## OTTO DALE VVS

6840 VASSENDEN  
TLF. 57 72 71 97 / 57 82 29 03  
MOBIL TLF. 94 57 12 49

ENTREPENØR  
**Ivar A  
Sunde**



6840 VASSENDEN  
Telefon 57 72 72 96. Mobil 94 55 27 72.

Utfører alt innan tre og betong



Velkommen  
til julehandel

## SKEI HANDEL

OLAV MYKLEBUST

6850 SKEI I JØLSTER – TLF. 57 72 83 74

## JØLSTER BIL

6850 SKEI I JØLSTER



# Angelique

frisør og  
naturkosmetikk



Vi har opent mandag 09.00–15.30  
 tysdag forhandsbestilling  
 onsdag 15.00–19.00  
 torsdag 15.00–19.00  
 fredag 09.00–15.30

Vi brukar og sel naturprodukt

Timebestilling 57 72 84 44  
 Priv. tlf. Siv 57 69 32 16

Ikkje avbestilte timer må betalast!

- Nærbutikken som har det meste
- Fast lågpris på varer som er aktuelle for dei fleste
- Opningstider: mandag-fredag 9–17  
 laurdag 9–14

*Velkommen til handel på  
 Vassenden Samyrkelag!*

## S-MARKED VASSENDEN

Tlf. 57 72 72 00

## JØLSTER FOLKEBIBLIOTEK

**HOVUD  
BIBLIOTEKET**  
 6850 Skei i Jølster  
 Tlf. 57 72 85 20

*Opningstider:*  
 Mandag ..... 10-15  
 Torsdag ..... 15-19  
 Fredag ..... 12-17

**VASSENDEN  
FILIAL**  
 Tlf. 57 72 75 93

*Opningstider:*  
 Mandag ..... 16-19  
 Onsdag ..... 11-14

Hjarteleg  
velkomen til  
handel  
i julestova.



## AUDHILD VIKENS VEVSTOVE

Skei tlf. 57 72 81 25 • Førde tlf. 57 82 00 84  
 Julehuset Bryggen – Bergen tlf. 55 31 69 70



## Eikås Frisør

v/EVA ÅRSET • TELEFON 57 72 75 88

Opningstider etter behov. Mandag stengt.  
 AUT. HÅROLOG



- Gåveartiklar
  - Avskorne blomar
  - Potteplantar
  - Uteplantar
  - Kransebinding
  - Brudebukettar
  - Pynting i kyrkja
- MARGUNN BLOMSTER  
 Skei – Tlf. 57 72 84 40

## KRAMBUA SIGURD KLAKEG

6850 Skei      tlf. 57 72 81 22

## Firma Gunnar Hylderås – Sandal

Assortert landhandel  
 Tippekommisjonær – Medisinutsal  
 Kontaktm. V. S. Jølster  
 Telefon 57 72 66 56

## Familie - Julebord

Søndag 12. desember  
Søndag 19. desember



Minikoldtbord med varme og kalde fristelsar, dessert og kaffi.

Vakjne kr. 120,-  
Barn 5-10 år kr. 60,-  
Barn under 5 år - GRATIS

Det blir video for barna og besök av "Nissen".

JØLSTER  
HOTELL  
Postboks 52  
N-6840 VASSENDE

Vi tek gjerne imot mindre lag til julemat andre dagar i veka i desember.  
Ta kontakt med oss.

**JØLSTER**  
GARTNERI

Ålhus • Tlf. 57 72 68 06



10 desember kl. 16.00 opnar vi  
– Julebutikken –  
i gamle «Blåbutikken» på Ålhus

Her finn du:

- juledekorasjonar
- juleblomster
- orkidéar frå eige gartneri
- juletre
- gravkransar

Ope: man.-fredag: 16-21  
laurdag: 9-18  
sundag: 13-19



## MålarSkrinet Galleri og Rammeverkstad

OPEN:

Tysdag - Fredag:  
kl. 13 - 20.  
Laurd./sond.:  
kl. 13-18



Bildekunstn. **Sylvia Steinagard** har no  
stilt ut på KUNST- og Handverksmessa 1993 i  
OSLO med KJEMPE - RESPONS !!!

Mylje nytt på galleriet til jul !!  
Små (og større) akvareller til "mini-pris"  
Akryl-måleri i ulike format!  
Mini-grafikk i fargar m/ramme! NYTT!  
Grafikk-mappe m/4 stk. originalgraf. blad ~  
berre få eksemplar att!!

"Sjå-skap" er både møbel og dekorasjon!  
Ramme inn dei tinga du vil ta vare på.

Gåver til små og større born: Male/teikne-  
saker. Stort utval!  
Gåve-idé: Gje eit 3-dagars målekurs!  
Handkolorerte gåve-kort!

Jule-utstillinga 1993 opnar 20. november kl. 13.00 med  
julelegogg og kaker. Alle velkomne!!!

44/fax  
53 72 74 58

Svidalsneset, 6840 VASSENDE i JØLSTER!



*Godt utvalg i  
brød og kaker*

**LEFI** BAKERIDRIFT AS  
SOGNDALEBAKERIET AS  
LEFI BAKST AS



6840 Vassenden

Tel 05727101

Fax 05727400

## **ALF HELGHEIM & CO**

6850 SKEI I JØLSTER  
TLF. 57 72 83 11

UR – OPTIK – GULL – SØLV  
MUSIKK – FOTO – VIDEO



EIKÅS

Ope etter ønske – tlf. 57 72 75 24

Omtrekking av møbler?  
Kontakt

Jølster Møbel- og interiørservice

Telefon 57 72 66 12



## **Jølstraholmen Senter A/S**

-ditt lokale kjøpesenter i nærmiljøet,  
som stadig blir større - for å gje DEG  
ett betre tilbud.

**STATOIL - SPAR - KAFE**

## **MAGNHILD HEGHEIMS VEVSTOVE**

Åhus, 6840 Vassenden  
Tlf. 57 72 67 05

**ÅKLE – LØPARAR – PUTER M.M.  
TEPPE ETTER MØNSTER AV  
NIKOLAI ASTRUP**



N-6850 Skei i Jølster  
Telefon 57 72 81 01 – Telefax 57 72 84 23

### **MEIR ENN 100 ÅR I REISELIVET SI TENESTE**

Vår tradisjonsrike familieverksemnd følger med i tida og er idag eit moderne og komfortabelt hotell med 140 senger fordelt på 72 gode rom med bad/dusj/WC/lif. Her er store salong-areal og matsal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframsyning/folkemusikk kvar veke i sommarsessongen. Fleire både større og mindre, godt utstyrt møte- og kurslokale. Plenumssal med plass for inntil 250 personar. Aktivitetsrom, badstu, boblebad og solarium.

Har montert teleslynge for høyselshemma i alle avdelingar, resepsjon, matsal, salong og matsal.

Stort utandørs parkareal med oppvarma symjebasseng (mai-september) og tennisbane. Praktfull turterreng, ørretfiske, båtar, syklar, hestar og breflyging. Godt utgangspunkt for ein rekke turar med bil eller buss.

Sommarsesong mai-september. Elles ope heile året for kurs, møter, konferansar og alle slags arrangement.

Vi ynskjer velkommen til eit hyggeleg opphold!  
**FAMILIEN SKREDE**



## Jølster Samyrkkelag

Avd. 001 - Skei i Jølster – telefon 57 72 83 77  
Avd. 002 - Stardalen – telefon 57 72 89 29  
Avd. 003 - Årdal – telefon 57 72 66 44

Såvarer  
Kraftfor  
Kunstgjødsel  
Landbruksmaskiner  
Verkstad



**VALMET**

TA KONTAKT MED  
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING




**Felleskjøpet Vestlandet**

Bergen tlf. 55 32 55 00  
Skei i Jølster tlf. 57 72 82 02 • Etne tlf. 66 544  
5800 Sogndal tlf. 55 67 19 05 • 6900 Florø tlf. 57 74 14 11

SPAREBANKEN

HJELPER DEG



Treng  
du lån?

Då skal du kontakte  
Sparebanken Sogn og Fjordane.  
Du kan låne til hus, bil, båt,  
hytte eller kva du treng pengar til.  
Våre rådgjevarar hjelper deg  
med å finne eit lån du kan leve med.

PERSONLEG ØKONOMI  
**SPAREBANKEN**  
**Sogn og Fjordane**

## **Snikkarverkstad til teneste.**

Vi laga nytt eller resleie det gamle,  
både hus og møblar.  
Visst det ikkje er ubotelæ.  
Kan hende du blir forsappa over ka vi får te.  
Vi hjelpe deg gjerne, da æ no førtrælæ  
å gå jærandslause!



6840 VASSENDEI I JØLSTER – TELEFON 57 72 74 15



Rør og rørartiklar  
Sanitæreanlegg og utstyr  
Varmeanlegg med ved, flis og olje  
Pumpe anlegg  
Kjøkken innreiing  
Baderom og møblar

## **JØLSTER RØR A/S**

Aut. rørleggarmeister  
**TROND AARDALSBAKKE**  
6850 SKEI I JØLSTER

## *Velkommen til*

**SKEI  
SERVICENTER**

Bensinstasjon  
Veggrill  
Hytteutleige (heilårs)


6850 Skei – Telefon 57 72 82 34



## **Årdalsbakke ELEKTRO·AS**

STERKSTRAUM • SVAKSTRAUM • TELEINSTALLASJON  
6850 Skei • Tel. 57 72 81 35/ 57 72 84 15 • Mobil 94 50 32 27

FAX 57 72 85 95



*Astrid Myklebust:*

*«Kjensler», 1990, «Lino trykk»*

**Kr. 35,-**

EKO-Trykk A.s – Førde